

Ålfotbreen verneområdestyre



Gjegnabu i solnedgong

Foto: Alf Erik Røyrvik

«Ville vesten»

Besøksstrategi for Ålfotbreen landskapsvernområde

Innhold

1	Innleiing	3
1.1.	Føremål.....	4
1.2.	Kort om rammeverket	4
1.2.1.	Naturmangfaldlova.....	4
1.2.2.	Verneforskrift	4
1.2.3.	Allemannsretten	5
1.2.4.	Anna lovverk.....	5
1.3	Verkemedela til forvaltninga	6
2	Kunnskapsgrunnlaget	7
2.1	Sårbare naturverdiar	7
2.1.1	Våtmark	7
2.1.2	Planteliv	8
2.1.3	Rovfugl.....	8
2.1.4	Urørte områder	8
2.2	Reiselivet	9
2.3	Dei besøkande	10
2.3.1	Omfang og fordeling av besøk.....	11
2.4	Anna relevant kunnskap	11
2.4.1	Innfallsportar	12
2.4.2	Stiar.....	13
2.4.3	Hytter.....	14
2.5	Samanstilling og situasjonsanalyse av kunnskapen	15
3	Mål og strategiske grep	16
3.1	Mål med besøksforvaltninga	16
3.1.1	Mål for verneverdiane.....	16
3.1.2	Mål for reiselivet	16
3.1.3	Mål for dei besøkande.....	16
3.2	Strategiske grep.....	17
3.2.1	Sårbare område	17
3.2.2	Informasjon	17
3.2.3	Innfallsportar	17
3.2.4	Infrastruktur	18
3.2.5	Kontakt med aktuelle aktørar.....	18
4	Tiltaksplan.....	19

1 Innleiing

Naturen rundt oss er ein ressurs. Den er ei kjelde til rekreasjon, inspirasjon og gode opplevingar. Den er òg ei kjelde til næringsverksemd. Men naturen kan vere sårbar, og dersom ressursen vert forvalta på feil måte kan den på sikt verte redusert i verdi. Den vert då mindre verdifull både som kjelde til rekreasjon og opplevingar, og som kjelde til næringsverksemd. Derfor er det viktig å finne ein balanse mellom ulike interesser og omsyn som gjev ei berekraftig forvaltning.

Ein del av naturen er verna. Vi har fleire vernekategoriar i norsk naturforvaltning og naturvern, med ulikt restriksjonsnivå. Felles for dei ulike verneformene er at dei skal ta vare på verneverdiar og naturverdiar i eit naturområde. Vernestatus betyr likevel ikkje at eit område ikkje kan brukast. Innanfor rammene til vernet og anna regelverk skal eit naturområde kunne brukast både til rekreasjon og opplevingar, og til næringsverksemd.

Friluftsliv og reiseliv i tradisjonell forstand og i avgrensa omfang vil som regel ikkje ha negative effektar på naturen, i alle fall om vi ser vekk i frå dei mest sårbare naturområde som yngle-/hekkeplassar og sårbar vegetasjon. I nasjonalparkar og landskapsvernområde vil tradisjonelle aktivitetar knytt til friluftsliv og reiseliv (fotturar, skiturar, jakt, fiske, sanking og liknande) normalt sett ikkje ha negativ verknad på området. Tvert i mot vil slik bruk av området ofte vere positiv då det kan vere med på å auke kunnskapen om, og heve statusen til, verneområdet.

Likevel er det slik at i område med mykje ferdsel vil dette kunne føre til slitasje på naturen, meir enn naturen sjølv klarar å takle. Enkelte former for ferdsel vil og føre til meir slitasje enn andre former. Det er derfor viktig å styre ferdsel og bruk av området, slik at dette skjer på ein berekraftig måte. Berekraftig bruk sikrar at naturen opprettheld verdien sin som kjelde til rekreasjon, opplevingar og næringsverksemd.

Kva er ein besøksstrategi?

Ein besøksstrategi er ein plan for korleis landskapsvernområdet og forvaltningsstyresmakta skal møte og handtere besøkande. Strategien skal vere kunnskapsbasert, og byggast på kunnskap om både naturverdiane og om dei besøkande. . I ein besøksstrategi skal det takast konkrete og strategiske val som skal legge til rette for gode opplevingar og lokal verdiskaping, og samstundes sikre verneverdiane.

1.1. Føremål

Føremålet med besøksstrategien for Ålfotbreen landskapsvernområde er å gje forvaltningsstyresmakta ein strategisk, målretta og føreseieleg plan for korleis ein skal møte dei besøkande til verneområdet.

Strategien skal legge til rette for at dei besøkande får gode opplevingar og at lokal næringskaping vert styrka, samstundes som at verneverdiane vert sikra.

I tilfelle der desse tre interessene vert ståande opp mot kvarandre, skal omsynet til verneverdiane gå føre.

1.2. Kort om rammeverket

Det er fleire regelverk som regulerer bruken av naturen, og særleg verna natur. Vi finn både generelle og overordna føresegner, og meir konkrete reglar for det enkelte område.

1.2.1. Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova er ei overordna lov som legg føringar og prinsipp. Det står lite konkrete føresegner i denne lova, men der er likevel nokre prinsipp som er viktige å ta med seg i ein besøksstrategi. Særleg gjeld dette føremålsparagrafen:

§ 1. (lovens formål)

Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.

Som vi ser her er prinsippet bak besøksstrategien mykje det same som ligg bak naturmangfaldlova og derfor all forvaltning av natur i Norge.

1.2.2. Verneforskrift

Verneforskrifta for Ålfotbreen landskapsvernområde er kanskje det regelverket som legg dei mest konkrete føringane for besøksstrategien. Forskrifta legg klare avgrensingar for kva ein kan gjere og kva ein ikkje kan gjere når ein skal legge til rette for og styre besøkande. Den legg avgrensingar på inngrep og byggeverksemd. Den legg òg klare restriksjonar på motorisert ferdsel og til dels på anna ferdsel.

På same måte som med naturmangfaldlova over her, so vil føremålsparagrafen i verneforskrifta for Ålfotbreen landskapsvernområde vere ein god peikepinn for forvaltninga av verneområdet, inkludert besøksforvaltninga.

§ 2 FØREMÅL

Føremålet med vernet er å:

- *Ta vare på eit eigenarta, vakkert og kontrastrikt naturlandskap med dei vestlegaste og mest oseanisk påverka isbreane i Noreg.*
- *Bevare utan større tekniske inngrep dei storslåtte og særprega devonske landskaps-formene, og heile breidda av naturtypar i overgangen frå høgfjell og bre til elver og vatn, skogkledde dalar og fjordlier med varmekjær lauvskog.*
- *Ta vare på det biologiske mangfaldet og kulturlandskap som finst i området.*

Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Særleg den siste setninga er viktig å merke seg, når vi snakkar om besøksforvaltning og tilrettelegging.

1.2.3. Allemannsretten

Allemannsretten er ikkje ei eiga lov, men ein rett som er lovfesta i friluftslova. Kort fortalt går den ut på at ein har rett til å ferdast og opphalde seg i norsk natur, uansett om ein er grunneigar, turist, eller berre på tur i nærområdet sitt.

Med allemannsretten følgjer det og plikter, og nokre avgrensingar. Avgrensingane er først og fremst for å skjerme privatliv og ta omsyn til jordbruksdrift. Mellom anna er det avgrensingar på ferdsel tett på hus, bebudde hytter og på dyrka mark. Pliktene som følgjer med går først og fremst ut på å ta omsyn til naturverdiar og andre brukarar. Allemannsretten har som utgangspunkt at all ferdsel skal vere omsynsfull og med varsemnd.

1.2.4. Anna lovverk

Det er ei fleire lovverk som kan påverke både bruk av utmark generelt, og reiseliv og friluftsliv spesielt.

- **Plan- og bygningslova** regulerer all bruk av areal og all byggeverksemd. Bygningar, inngrep, installasjonar og omdisponering av areal krev ofte løyve etter plan- og bygningslova. Det er kommunen som forvaltar dette lovverket.
- **Motorferdsellova** regulerer bruk av motorferdsel i utmark. Målet er å avgrense bruk av motorisert ferdsel i utmark til det som er naudsynt. Det er kommunen som forvaltar dette lovverket og.
- Andre lover som kan verke inn på handtering av besøkande:
 - Viltlova
 - Kulturminnelova
 - Småbåtlova
 - Skogbrukslova
 - Naturoppsynslova

1.3 Verkemedela til forvaltninga

Dersom ein besøksstrategi og andre planverk skal ha nokon verdi, må forvaltninga ha nokre verkemedel til å gjennomføre dei tiltaka som strategien legg opp til. Ein må ha ressursar til å bygge opp under dei prioriteringane som ein gjer.

Sakshandsaming

Ein vedteken besøksstrategi kan legge føringar for sakshandsaming i framtida. All sakshandsaming skal skje innanfor dei juridiske rammer som lovverket set, men i skjønnsrommet til forvaltningsstyresmakta er ein besøksstrategi eitt av fleire planverk som kan verte vektlagt. I praksis kan besøksstrategien få direkte innverknad på kva tiltak og aktivitet det vert opna for og ikkje.

Bestillingsdialogmidlar

Kvart år får verneområdestyret tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet. Desse midlane vert både søkt om, tildelt og prioritert i ein prosess som vert kalla «bestillingsdialogen». Kort fortalt går den ut på at nasjonalpark- og verneområdestyra set opp ei liste over kva tiltak dei ynskjer å få midlar til det komande året, og kva ein reknar med desse tiltaka vil koste. Miljødirektoratet går gjennom listene og vurderer dei ulike tiltaka i høve til postføremål, rikspolitiske retningslinjer og lokale dokument som forvaltningsplan og besøksstrategi.

Tildelingane er sjølvstøtt avhengig av kor mykje som vert sett av til tiltak i verneområde over statsbudsjettet. Dette skal igjen fordelast på nasjonalparkstyre, verneområdestyre og fylkesmannsembete over heile landet. Tildelinga til Ålfotbreen verneområdestyre har dei siste åra variert frå 60.000 til 300.000 per år.

Verneområdestyret har som oftast stor fridom til korleis ein vil prioritere og fordele dei tildelte midlane, men Miljødirektoratet gjer alltid ei vurdering av kor vidt dei innmeldte tiltaka er innanfor postføremålet. Tiltaksmidlane er statlege investeringsmidlar, og kan ikkje brukast som tilskot. Midlane kan investerast i skjøtsel, tilrettelegging og informasjonsarbeid, og skal bidra til å sikre eller fremje verneverdiane.

Personalressursar

Verneområdestyret har ein del personalressursar tilgjengeleg som kan nyttast i tråd med styret sine prioriteringar:

- **Verneområdeforvaltaren** er underlagt styret og styret disponerer forvaltaren si arbeidstid (saman med Naustdal-Gjengedal verneområdestyre).
- Verneområdestyret kan, gjennom bestillingsdialogen, be om at **lokalt naturoppsyn** jobbar med særskilte, prioriterte oppgåver.
- **Styremedlemmar** og **varamedlemmer** kan, i tillegg til styremøta og førebuing til dei, gjere ein viss arbeidsinnsats innanfor styret sitt driftsbudsjett.
- **Tenestekjøp** finansiert av tiltaksmidlar, driftsmidlar eller andre tildelingar.

Verneområdestyret kan bruke desse personalressursane, innanfor visse rammer, til arbeid knytt til besøksforvaltning. Særleg har forvaltar og naturoppsyn jobba mykje med planlegging og gjennomføring av tilretteleggingstiltak, enten med eller utan kjøp av tenester i tillegg.

2 Kunnskapsgrunnlaget

For Ålfotbreen landskapsvernområde har vi valt å lage ein noko forenkla strategi. Vi har ikkje gjort omfattande brukarundersøkingar og vi har heller ikkje gjennomført sårbarheitsanalyser. Kunnskapen vi bygger på når det gjeld sårbar natur har vi henta frå databasar og tidlegare planprosessar som verneplan og forvaltningsplan. I tillegg kjem dei erfaringar og observasjonar vi i forvaltning og oppsyn har gjort dei åra vi har jobba med desse områda.

Vi har heller ikkje gjennomført brukarundersøking. Dette fordi bruken av området er veldig spreidd og ekstensiv. Etter vår vurdering vil det gå mykje ressursar til slike undersøkingar, men det ville likevel gje lite data. Vi har derfor bygd kunnskapsgrunnlaget på eksisterande kunnskap, på sekundære data, på innspel frå brukarar og på dei erfaringar og kunnskap som vi har tileigna oss gjennom å jobbe med dette området i ein del år.

Kunnskapsgrunnlaget kan framstå som litt tynt. Men sett i lys av at omfanget av besøk er relativt lite og utfordringane for sårbar natur er små, so ser vi ikkje behov for meir kartlegging og undersøkingar på noverande tidspunkt. Det kan kome seinare, særleg dersom det vert ein tydeleg auke i tal besøkande.

2.1 Sårbare naturverdiar

Naturen kring oss er samansett av mange ulike naturtypar og naturverdiar. Av desse er enkelte meir sjeldne enn andre og enkelte er meir sårbare enn andre. Generelt sett bør ein freiste å ta vare på naturverdiar og eit mangfald av naturtypar, og særleg i verna natur bør ein ta omsyn til slike førekomstar.

Innan besøksforvaltning er det fleire moment ein bør tenke over når det gjelder sårbare naturverdiar:

1. Er der områder som bør skånast for ferdsel?
2. Er der områder der ein kan/bør kanalisere ferdsla på tilrettelagte stiar som tåler slitasje, for å skåne sårbare verdiar?
3. Er der områder der ein bør la vere å gjere tilretteleggingstiltak, for å ta vare urørt preg?

2.1.1 Våtmark

Det er lite våtmark i Ålfotbreen landskapsvernområde, men her er nokre naturtypelokalitetar som er knytt til elvar og vatn i dalbotnane rundt breen og høgfjella. Vi finn elvesletter, kroksjøar og elveøyre i dalføre som Straumsbotnen, Grøndalen og Svartedalen. Desse områda er ikkje utsett for nemneverdig slitasje, verken med dagens ferdsel eller med ei viss auke i ferdsla. Men ein bør likevel ta omsyn til naturverdiane og til andre utfordringar ved eventuell tilrettelegging i eller ved desse lokalitetane.



Elveslette i Straumsbotnen. Foto: Alf Erik Røyrvik

2.1.2 Planteliv

Verneområdet har mange lokalitetar med verdifullt planteliv. Hovudsakleg er dette enten knytt til kalkrik grunn eller førekomstar av edellauvskog. Dei fleste lokalitetane er ganske utilgjengelege, på stader der det i dag er lite eller ingen ferdsel og som er lite aktuelle for tilrettelegging.

2.1.3 Rovfugl

Rovfugl, og særleg dei store rovfuglane, er sårbare for uro. Særleg gjeld dette rundt hekkeplassar og i hekketida. Auka ferdsel i nærleiken av hekkeplassane bør derfor unngåast. Både kongeørn og havørn har påviste hekkeplassar i og tett ved Ålfotbreen landskapsvernområde. Nøyaktig plassering av slike hekkeplassar er konfidensiell informasjon (grunna risiko for faunakriminalitet), og vil ikkje verte omtala i besøksstrategien eller andre offentlege dokument. Ein bør derimot ta ein «utsjekk» av området med omsyn til rovfugl før ein set i gong med store tilretteleggingstiltak som kan auke ferdsel. Normalt skapar ikkje dette problem, då dei store rovfuglane oftast legg hekkeplassane til utilgjengelege område som er lite aktuelle for ferdsel.

2.1.4 Urørte områder

Det er få tekniske inngrep innanfor grensene til verneområdet, og området framstår derfor som urørt. Å ta vare på det urørte landskapet er eit viktig punkt i verneføremålet. Urørt natur vert stadig mindre av og det er viktig å ta vare på det vi har igjen. Særleg områda på og rundt breane og på høgfjellsplatået «midt i» verneområdet er urørt natur der store områder har få eller ingen spor etter menneske.

Urørt natur har ein verdi for mange. Særleg i samband med friluftsliv, reiseliv og opplevingar er kjensla av å vere i urørt natur verdifull. Tunge tekniske inngrep, sjølv dei som er gjort for å utvikle reiselivet, vil kunne redusere det urørte preget. Men òg mindre tilretteleggingstiltak vil kunne redusere kjensla av urørt natur for ein del brukarar.



Den delen av området som ligg innanfor landskapsvernområdet si grense er tilnærma utan tekniske inngrep og framstår som urørt natur. Biletet syner utsikta frå toppen av Ålfotbreen og austover. Foto: Alf Erik Røyrvik

2.2 Reiselivet

To av kommunane som Ålfotbreen landskapsvernområde ligg i, Flora og Bremanger, er typiske kystkommunar. Begge desse kommunane er medeigarar i destinasjonsselskapet Visit Fjordkysten, som dekkjer dei fleste kystkommunane i Sogn og Fjordane. Visit Fjordkysten presenterer naturleg nok hovudsakleg reisemål, attraksjonar, aktivitetar og kultur som er knytt til kyst og hav. Men og enkelte «fjellattraksjonar», som til dømes Hornelen, vert løfta fram og marknadsført. Gloppen kommune er med i Visit Nordfjord. Visit Nordfjord har ikkje attraksjonar i Ålfotbreen landskapsvernområde som dei promoterer per i dag.

Reiselivsnæringa nyttar Ålfotbreen landskapsvernområde lite per i dag. Vi kjenner ikkje til reiselivsverksemder som brukar landskapsvernområdet til kommersielle reiselivsprodukt. Det meste av området er for krevjande til at tilreisande (særleg utanlandske) turistar med sine kunnskapar og ferdigheiter, brukar det i særleg grad. Det er få turmål, ruter eller «produkt» knytt til Ålfotbreen som er tilrettelagt for turisme.

Turistinformasjonen i Florø får stundom spørsmål frå turistar om korleis dei kan kome seg på Ålfotbreen. Turistinformasjonen kjenner godt til kor krevjande dette fjellområdet er, og sender derfor ikkje folk som ikkje er godt fjellvande opp i fjellet utan guide. Der er nokre privatpersonar som har kompetanse til å kunne guide i området, og ein kan nok ting guida tur eller liknande på førespurnad. Men der er ikkje noko fast og bookbart tilbod.

Reiselivsnæringa i regionen etterspør godt tilrettelagte «fyrstårn» og lågterskel-tilbod, og ser det som det mest aktuelle å satse på for å auke attraktiviteten og verdiskapinga i og rundt dette området. Destinasjonsselskapa peikar på Hope som den innfallsporten som er mest aktuelt å utvikle og den som har størst potensiale for auka besøk. Reiseliv og andre lokale interessert trekkjer og fram Førdedalen.

2.3 Dei besøkande

Forvaltninga har ikkje gjennomført spørjeundersøking eller liknande for å kartlegge kven dei besøkande er. Vi baserer oss derfor på dei innspel vi har fått frå brukarorganisasjonar, lokalkjende og liknande. I tillegg kjem den kunnskap og erfaring vi har opparbeida oss gjennom å jobbe med lokal forvaltning sidan 2011.

- Vi reknar med at dei aller fleste besøkande er lokale eller har lokal tilknytning. I tillegg vil det vere nokre langvegsfarande som vil besøke DNT-hyttene, dei høgaste fjelltoppane eller andre litt spektakulære eller populære turmål.
- Mange av dei besøkande brukar området i samband med utnytting av utmarksressursar som jakt, fiske og beitebruk.
- Ein del av dei besøkande er her på organiserte turar. Turlaga arrangerer organiserte turar med turleiar i området. Nordfjord folkehøgskule brukar området til turar som ein del av si undervisning.
- Det meste av turane inn i verneområdet og områda rundt, er dagsturar utan overnatting. Overnattingsturar er gjerne knytt til dei to DNT-hyttene, men det vil sjølvsagt og vere noko telting eller annan «utandørs» overnatting.
- Tilbakemeldingar frå turlag og andre brukarar peikar på at dette området er eit friluftsområde for «spesielt interesserte». Dette kjem nok av at topografi og klima gjer det til eit krevjande område å ferdast i. Sjølv om denne gruppa av «spesielt interesserte» til no har vore liten, skal vi vere klar over at den er veksande. Stadig fleire søker det ekstreme, spesielle og unike.
- Dei besøkande vil oppleve det krevjande og urørte området. Dei vil ikkje ha stor grad av tilrettelegging og klarar seg i stor grad med egne ferdigheiter og kunnskapar.
- Dei besøkande forventar likevel at dei merkte rutene er godt merkt og trygge å ferdast etter.
- Det er særst få bygningar inne i verneområdet. Det er heller ikkje hyttefelt eller mange hytter i randsona til landskapsvernområdet. Lokale hytteeigarar er derfor ikkje ei stor gruppe i landskapsvernområdet.
- Sykkel er lite aktuelt i Ålfotbreen landskapsvernområde. Ein kan sjølvsagt ikkje utelukke at dei ivrigaste syklistane vil kunne bruke området sporadisk, men landskapet set sine tydelege avgrensingar og gjer området lite eigna for sykkel.

2.3.1 Omfang og fordeling av besøk

Det er ikkje gjort undersøkingar med ferdselsteljar eller andre metodar som kan gje sikre tal på kor mange som brukar heile eller delar av verneområdet. Verneområdestyret har vurdert det slik at nøyaktige teljingar av den typen vil krevje mykje ressursar samanlikna med verdien av talmaterialet ein vil få fram. Kartlegging av bruken har verneområdeforvaltaren gjort gjennom innsamling av sekundære data i form av tal frå DNT-hyttene, turlaga og bomvegen i Førdedalen. I tillegg kjem verdifulle innspel frå organisasjonar og lokale kjentfolk.

	Registrert eller estimert tal på besøkande	Merknad
Gjegnabu	124	Gjennomsnitt 2011 – 2015
Blåbrebu	87	Gjennomsnitt 2011 – 2014
Bomveg Førdedalen	600	Vanskeleg å sei kor mange av desse som går inn i verneområdet
Organiserte turar turlaga	70	Deltakarar på organiserte turar med Midtre Nordfjord turlag, Flora turlag og Keipen turlag

Vi må vere klar over at dei fleste av dei besøkande vert ikkje registrert her. Vi veit at bruken er veldig spreidd og lite konsentrert. Eit estimat på kor mange som besøkjer Ålfotbreen landskapsvernområde vert derfor veldig grovt. Det vi kan seie ganske sikkert, er at det totale omfanget av besøkande er lågt samanlikna med dei fleste andre verneområde og nasjonalparker.

Basert på dei tala vi har henta inn, og den kunnskapen vi har om bruken av området utover dei tala, kan vi grovt anslå tal på besøkande kvart år til 1000-5000. Det er stort spenn og stor usikkerheit knytt til dei tala, men vi kan i den vidare besøksforvaltninga legge til grunn at dagens bruk av området ligg i den storleiken. Og vi kan slå fast at bruken av området er liten og ekstensiv samanlikna med andre store verneområde og nasjonalparker.

Fordelinga av dei besøkande er spreidd på mange innfallsportar og turområde. Mange følgjer dei merkte rutene inn i verneområdet, so desse er naturlege innfallsportar.


2.4 Anna relevant kunnskap

Infrastrukturen i og rundt Ålfotbreen landskapsvernområde består av bilvegar som fører til innfallsportar og startpunkt for turar, parkeringsplassar og anna tilrettelegging i innfallsportane, og stiar som går både inn til og inne i verneområdet.

2.4.1 Innfallsportar

I forvaltningsplanen for Ålfotbreen landskapsvernområde er dei viktigaste innfallsportane til landskapsvernområdet lista opp:

Innfallsport	Kommune	Tilrettelegging	Merknad
Skjerdalen	Gloppen		Veglaus, må ha båt
Hope	Gloppen	Parkeringsplass, toalett, inforskilt	
Grøndalen	Flora	Parkeringsplass, inforskilt	
Sunddalen	Flora	Parkeringsplass, inforskilt	
Svelgen/Risevatnet	Bremanger		Ligg tett ved Svelgen sentrum og infrastrukturen der
Svelgen/Storeskredene	Bremanger	Parkering på utviding, infoskilt, trapper i starten	Mindre parkeringskapasitet etter at det vart sett opp nytt rekkverk
Åskora	Bremanger	Parkeingsplass, inforskilt	
Lunden (Bjørndalen)	Bremanger	Parkeringsplass nede ved fjorden	Vegen opp til Bjørndalen er stengt for allmenn ferdsel
Førdedalen	Bremanger	Parkeringsplass	Bomveg (betaling) Ikkje merka av på kartet, ligg rett vest for Åskora.
Mettenes	Gloppen	Ny båthamn under bygging	Veglaus, må ha båt. Privat hamn.



Kart som syner dei fleste innfallsportane til landskapsvernområdet. Kjelde: Forvaltningsplan for Ålfotbreen landskapsvernområde.

Bilvegane som går til parkeringsplassar og startpunkt i innfallsportane er både offentlege og private. Alle som vert brukt som innfallsportar er opne for allmenn ferdsel fram til parkeringsplass eller liknande. Nokre av dei er bomvegar der ein må betale ei lita avgift til vegeigarane for å nytte vegen. I dei fleste innfallsportane står det informasjonstavle med informasjon om verneområdet. I Hope er det bygd utedo som eit tilbod for dei besøkjande.

Det går ein anleggsveg frå Gjegnalunden og opp i Bjørndalen. Det er Sogn og Fjordane Energi som eig denne vegen og den er stengt med bom og ikkje open for ålmenta. Lokalt turlag og andre lokale brukarar ynskjer tilgang til denne vegen sidan den er eit godt utgangspunkt for turar mot til dømes Gjegnen og Skjerdingane.

2.4.2 Stiar

Merkte og ikkje merkte stiar og ruter går på kryss og tvers over det meste av verneområdet. Dei lokale turlaga har merkt dei mest brukte rutene med sine raude «T-ar», etter Den Norske Turistforening sin standard:

- Hope – Gjegnabu
- Grøndalen – Blåbrebu
- Sjørdalen – Keipen
- Førdedalen – Hylle 7
- Åskora – Ålfotbreen
- Bjørndalen - Gjegnen

Tilstanden på infrastrukturen i og rundt verneområdet er stort sett bra sett i høve til bruken og behovet. Som det står omtala seinare er det relativt få brukarar og lite slitasje på stiane. Det er likevel eit par stiar som bør få betre standard/tilstand, og særleg dersom dei skal utviklast eller marknadsførast i reiselivssamanheng.

Fleire brukarar skildrar tilstanden på stien frå Hope til Lavesteinen som dårleg og meiner her er behov for utbetring. Stien ligg i eit nedbørsrikt område, og sjølve traseen er derfor prega av mykje vatn kombinert med slitasje. Stien frå Åskora til Ålfotbreen er heller ikkje so bra. Der er litt vanskeleg å ta seg fram på svaberga på første delen av stien når det er vått. I tillegg er det fare for steinsprang ved Litle Åskoravatnet.



Ei «T-merkt» rute i Ålfotbreen landskapsvernområde. Det er Den Norske Turistforening som har ansvar for merking og kvalitetssikring av desse rutene. Her frå ruta frå Hope til Gjeugnabu. Foto: Alf Erik Røyrvik

2.4.3 Hytter

Det er to hytter i Ålfotbreen landskapsvernområde som er opne for ålmenta. Begge er «DNT-hytter» som Flora turlag eig og driftar. Gjeugnabu ligg i den austlege delen av verneområdet, ikkje langt frå Gjengen. Gjeugnabu er ubetjent og ulåst, har 6 sengeplassar og er kjend for sin spektakulære plassering og utsikt. Blåbrebu ligg lenger vest i verneområdet. Også denne er ubetjent og ulåst, og den har 14 sengeplassar.

Mellom hyttene er det ein dryg dagsmarsj, sjølv i godt ver på barmark. Det er derfor ikkje vanleg å legge desse inn i ein klassisk «hytte-til-hytte»-tur, men det går om ein er i god form og fjellvand.

Gjeugnabu manglar sikringsbu til bruk ved eventuell brann eller andre uhell/skader.



Blåbrebu, ei av Flora turlag sine to hytter i Ålfotbreen landskapsvernområde. Foto: Egil Andreas Vartdal.

2.5 Samanstilling og situasjonsanalyse av kunnskapen

- Vi har ikkje registrert nokon lokalitetar eller naturtypar som er trua av dagens ferdsel i området.
- Vi har ikkje registrert lokalitetar eller naturtypar som er sårbare for ei viss auke i ferdsel.
- Den særeigne naturen er den viktigaste kvaliteten for dei besøkande.
- Dei besøkande vil ha låg grad av tilrettelegging innanfor verneområdet, men vil gjerne ha ei viss tilrettelegging utanfor verneområdet.
- Det er viktig for dei besøkande at merkte ruter held ein viss standard. Området er krevjande og det er viktig at folk finn fram langs rutene. Kvalitetssikring av det eksisterande rutenettet med merkte ruter er naudsynt.
- Eit par av dei merkte rutene har behov for utbetring. Særleg gjeld dette stien opp til Lavesteinen.
- Ålfotbreen er eit krevjande område. Særleg dei høgareliggande områda krev både kunnskap og fysikk av dei besøkande.
- Ålfotbreen har eit relativt lågt tal på besøkande, estimert til ein stad mellom 1000 og 5000 besøkande kvart år.
- Bruken/besøka er spreidd over heile området.

3 Mål og strategiske grep

3.1 Mål med besøksforvaltninga

Ålfotbreen verneområdestyre har sett opp følgjande målsetningar for besøksforvaltninga:

3.1.1 Mål for verneverdiane

- Den ville, storslagne og urørte landskapet skal bevarast og framhevast som Ålfotbreen landskapsvernområde si sterkaste merkevare.
- Kunnskap om Ålfotbreen skal føre til meir kunnskap om den spennande geologiske historia og om kva klimaendringar kan ha å seie for vèret og endringar av brelandskapet.

3.1.2 Mål for reiselivet

- Vi ynskjer at meir kunnskap om Ålfotbreen landskapsvernområde skal føre til auka turisme, meir bruk av området til friluftsliv og undervisning, og at dette igjen kan vere med å skape eller støtte opp under turistnæring.
- Vi ynskjer at fleire næringsaktørar skal tilby produkt innan berekraftig opplevingsturisme i tilknytning til Ålfotbreen landskapsvernområde.

3.1.3 Mål for dei besøkande

- Ålfotbreen landskapsvernområde skal verte meir kjent både lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

3.2 Strategiske grep

Ålfotbreen verneområdestyre vil ta ein del strategiske grep i besøksforvaltninga for å nå dei måla som er sett i kap 3.1:

3.2.1 Sårbare område

Det er få eller ingen sårbare område som kjem i konflikt med besøkande og ferdsel. Men ein viktig verneverdi som kan kome under press er det urørte landskapet. Det er ein viktig verdi for dei besøkande og, og det skal takast vare på. Det er derfor eit strategisk val å ikkje drive med omfattande tilrettelegging i urørte område. Fysisk tilrettelegging skal avgrensast til dei merka rutene.

3.2.2 Informasjon

Ålfotbreen landskapsvernområde og kvalitetane der skal gjerast betre kjent, både for lokalbefolkning og tilreisande. Informasjon må vere tilgjengeleg på strategiske plassar som bygdesentrum, ferjekaier og liknande.

Sørge for at enkel og informativ informasjon om landskapsvernområdet, og særleg vandring i området, er tilgjengeleg for reiselivet og andre besøkande. Vi vil prioritere å bruke allereie etablerte og innarbeidde kanalar og plattformar for å nå ut.

Det skal vere god og samanhengande skilting frå gjennomfartsvegane til innfallsportane.

3.2.3 Innfallsportar

Fire innfallsportar skal ha høgaste prioritet; Hope, Førdedalen, Grøndalen og Bjørndalen

- Hope vert hovudinnfallsport til landskapsvernområdet. Ruta som går til Lavesteinen og vidare til Gjejnabu og Gjegnen skal trekkast fram som «fyrtårn» og utbetrast. Stien frå skogsvegen til Lavesteinen treng utbetring både for å tole dagens ferdsel og ikkje minst for å tole ei ønska auke i ferdsel.
- Førdedalen i Ålfoten har potensiale for både lågterskeltilbod og er ein naturleg innfallsport mot Keipen. Førdedalen skal utviklast som innfallsport i samarbeid med grunneigarar og lokalt næringsliv.
- Verneområdestyret ynskjer at ålmenta skal få tilgang til veggen i Bjørndalen.
- Halde ved like, og ved auka bruk, utvikle innfallsporten Grøndalen. Grøndalen er viktigaste innfallsport til Blåbrebu.

I tillegg til desse fire skal og Mettenes utviklast. Her er ny (privat) hamn under bygging der ålmenta vert sikra tilgang. Mettenes er innfallsport for turar til Skjerdingane og andre turmål i nordaust.

Innfallsportane er valt ut først og fremst med tanke på kor dei besøkande kan få gode opplevingar. Men og fordi dei toler meir ferdsel enn i dag, utan at dette vil vere negativt for verneverdiane.

3.2.4 Infrastruktur

Fysisk tilrettelegging skal i hovudsak avgrensast til dei merkte rutene. Merking og liknande tilrettelegging skal ha god kvalitet og standard, og gje trygg ferdsel.

Mindre tiltak kan vurderast på ruter og stader med ein viss ferdsel dersom det er naudsynt for å sikre trygg ferdsel, og tiltaket ikkje er i strid med verne- eller naturverdiar.

Andre tilbod som søppeldunk, toalett og rastebord kan vere aktuelt dersom lokale krefter kan ta på seg ansvar for tilsyn og drift.

Dei prioriterte innfallsportane (sjå 3.2.3) skal ha skilta parkering som er open for ålmenta, og informasjonsskilt.

3.2.5 Kontakt med aktuelle aktørar

Reiseliv

Forvaltningsstyresmakta skal ha jamleg kontakt med reiselivsaktørar og destinasjonsselskap. Gjennom tett dialog og samarbeid kan forvaltninga førebu seg på utvikling og trendar i turismen. Og reiselivet kan få informasjon om korleis dei kan utvikle berekraftige opplevingar og produkt knytt til verneområda.

Grunneigarar

Det sit tre grunneigarrepresentantar i Fagleg Rådgjevande utval, ein frå kvar kommune.

Bruker- og interesseorganisasjonar

Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane og Nordfjord Folkehøgskule har alle plass i Fagleg Rådgjevande utval.

Næringsliv

Sogn og Fjordane Energi og Svelgen Kraft ert viktige aktørar i randsona til landskapsvernområdet, og dei har begge plass i Fagleg Rådgjevande utval.

4 Tiltaksplan

Prioritet	Tiltak	Skildring	Kortid
1	Stien Hope-Lavesteinen	Utbetne stien frå skogsvegen til Lavesteinen. Flytte stitrasé på første del av denne parsellen. Grøfte og leie vatn vekk frå stien på siste delen av parsellen.	2018
2	Førdedalen	Utvikle Førdedalen som ein lågterskel innfallsport til Ålfotbreen LVO og randområda i samarbeid med grunneigarane. Bygging av til dømes parkeringsplass, bål plass, gapahuk, toalett, fiskeplass.	2018-2020
3 *	Bjørndalen - parkering	Ruste opp parkeringsplass og sette opp P-skilt.	2019
4	Stien Bjørndalen - Gjegnen	Sette opp skilt der kor stien startar. Skilt skal vere i tråd med «turskilt»-standard.	2019
5	Informasjonsskilt	Sette opp informasjonsskilt på «knutepunkt». Informasjonsskilta skal gjere turistar og andre merksame på verneområdet og kvalitetane der. Skilta skal vere i tråd med merkevarestrategien Norges nasjonalparker og malane der. Aktuelle knutepunkt: Stårheim ferjekai, Ålfoten sentrum, Hyen sentrum, krysset fv.614 – vegen til Norddalsfjorden, Svelgen, Lote ferjekai.	2019
6	Skiltplan - veg	Lage ein plan for skilting; frå riks- og fylkesvegar og heilt fram til innfallsportane. Presentere denne planen for Statens vegvesen.	2019
7	Brosjyre om geologi	Lage informasjonsbrosjyre om den spanande geologien i området, i samarbeid med fagmiljø innan geologi.	2018
8	Nettartiklar om Ålfotbreen LVO	Produsere og publisere ein serie nettartiklar om Ålfotbreen LVO i samarbeid med forfattar Arve Sandal. (Gjennomført, ligg tilgjengeleg på www.alfotbreen.no)	2017
9	Mettenes	Utvikle Mettenes som innfallsport. Rydde og skilte ruta som går frå Mettenes og oppover mot Gullsmehytta og Skjerdingsane.	2019

*Føreset at vegeigar SFE opnar vegen for allmenn ferdsel